

TYSNES KOMMUNE
KOMMUNEDDELPLAN FOR KULTURMINNE
2020 – 2030



INNHALD

<i>Forord</i>	4
1 • Om planen og om kulturminne generelt	5
1.1 <i>Planen</i>	6
1.2 <i>Organisering og medverknad</i>	6
1.3 <i>Mål</i>	7
1.3.1 <i>Hovudmål</i>	7
1.3.2 <i>Delmål</i>	7
1.4 <i>Om Kulturminne</i>	7
1.4.1 <i>Kva er eit kulturminne?</i>	7
1.4.2 <i>Kvifor ta vare på kulturminne?</i>	7
1.4.3 <i>Korleis vert kulturminna verna?</i>	8
1.5 <i>Om Kulturminnevern</i>	10
1.5.1 <i>Aktører, roller og ansvar i kulturminnearbeidet</i>	10
1.5.2 <i>Virkemiddel i kommunal kulturminneforvaltning</i>	10
1.5.3 <i>Økonomiske stønadsordningar</i>	11
1.6 <i>Definisjonar</i>	11
1.6.1 <i>Kulturminneverdi</i>	11
1.6.2 <i>Materielle kulturminne</i>	11
1.6.3 <i>Immaterielle kulturminne</i>	12
1.6.4 <i>Verneverdig kulturminne</i>	12
1.6.5 <i>Freda kulturminne og kulturmiljø</i>	12
1.6.6 <i>Listeført kulturminne</i>	12
1.6.7 <i>Kulturlandskap</i>	12
1.6.8 <i>Kulturmiljø</i>	13

2 • Om Tysnes	15
2.1 <i>Historia</i>	16
2.1.1 <i>Førhistorie</i>	16
2.1.2 <i>Utvikling</i>	16
2.1.3 <i>Endringar i nyare tid</i>	17
2.2 <i>Kulturminne og kulturmiljø i Tysnes</i>	19
2.2.1 <i>Arkeologiske kulturminne</i>	19
2.2.2 <i>Nyare kulturminne</i>	19
2.2.3 <i>Bygningar og bygningsmiljø</i>	20
2.2.4 <i>Sjøbruksmiljø</i>	23
2.2.5 <i>Kyrkjer og gravplassar</i>	23
2.2.6 <i>Samferdsle</i>	25
2.2.7 <i>Krigsminne</i>	26
2.2.8 <i>Næringsverksemd</i>	27
2.2.9 <i>Samfunnsinstitusjonar</i>	27
2.2.10 <i>Ikkje-faste kulturminne</i>	30
3 • Strategiar og handlingsplan	31
3.1 <i>Strategiar</i>	32
3.1.1 <i>Kommuneadministrasjonen</i>	32
3.1.2 <i>Kulturmiljø, bygg og anlegg</i>	32
3.1.3 <i>Kulturlandskap</i>	32
3.1.4 <i>Opplavingar og formidling</i>	32
3.1.5 <i>Private eigarar</i>	32
3.1.6 <i>Lag og organisasjonar</i>	33
3.1.7 <i>Informasjon</i>	33

4 • Handlingsprogram	35
4.1 <i>Handlingsprogram - Generell del</i>	36
Forvaltning og formidling	36
4.2 <i>Handlingsprogram - Spesiell del</i>	37
4.2.1 Arkeologiske kulturminne	37
4.2.1 Kulturlandskap og miljø i landbruket	37
4.2.3 Bygningar og bygningsmiljø	38
4.2.4 Sjøbruksmiljø.....	39
4.2.5 Kyrkjestader, gravplassar	40
4.2.6 Samferdsle	40
4.2.7 Krigsminne	41
4.2.8 Næringsverksemd	41
4.2.9 Samfunnsinstitusjonar	42
4.2.10 Ferie og fritid.....	42
4.2.11 Samlingar	43
Vedlegg	44
Vedlegg 1 • Kulturminne registrerte i Kulturminnesøk.....	44
Vedlegg 2 • Automatisk freda kulturminne i Tysnes.....	52
Vedlegg 3 • Forvaltning av kulturminne	53
Kjelder og litteratur:	54

FORORD

I omlag 10 000 år, sidan isen frå siste istid trekte seg tilbake, har det budd folk på Tysnesøya og øyane ikring. Om dei første veit vi lite, men etter kvart tok menneska til å setje spor etter seg. Dei etablerte busetjingar, samfunnsorden og religion, tok til å gravleggja folk i røyser og sette opp bautasteinar og endra landskapet rundt seg for å gjere livet enklare.

Frå steinalderen og frametter vert spora meir synlege. Kulturlandskap, vegar, bygningar, næringar av ymse slag og til slutt og skriftlege kjelder.

Det er dette vi kallar kulturminne. Dei finst overalt rundt oss og dei er grunnlaget for det me er. Utan Olavsgildet på Onarheim, oppgangssagene i elveosane, dei gamle bygdevegane, Skottehandelen, gjestgjevarstadane og alt det andre som utgjør historia til Tysnes, ville vi ikkje budd slik vi gjer, handla slik vi gjer og tenkt slik vi gjer.

Det er derfor historia er viktig, og det er derfor vi skal ta vare på spora etter dei som var.

Kulturarven er ein gåve frå dei som har levd før oss, og ei viktig kjelde til kunnskap og innsikt, og det er opp til oss å sjå til at denne gåven vert ført vidare til nye generasjonar. Vi skal også ta vare på viktige kulturminne frå vår eiga tid, slik at kulturarven vert oppdatert og vidareført.

I dag nytter vi ordet kultur i vid meining.

Det omfattar alt som er laga av menneske, frå steinaldergravrøyser til segn og tradisjonar.

Det er naturleg at det er dei eldste delane av kulturarven som har vore mest i fokus i kulturminnearbeidet. Der ein tidlegare gjerne fokuserte

på bygningar og gjenstandar, er arbeidet etter kvart utvida til å gjelde heile bygningsmiljø, kulturlandskap og ikkje-materielle minne som tradisjonar og nedarva kunnskap.

Eit lokalt døme på dette er at kunnskapen om Oselvarbygging i 2016 vart oppført på UNESCO si liste over verdas immaterielle kulturarv.

Me kan ikkje ta vare på alt – me må velje kva me vil verne om. Korleis me best kan gjere dette, er kva denne kulturminneplanen handlar om.

Kulturminneplanen skal gje kunnskap om det me har av viktige kulturminne frå gamalt, og peike på kva som kan verte interessant i framtida.

Målet er at planen skal legge premissane for kommunen sitt arbeid med kulturminne vidare, men og at den kan vere til nytte for alle dei som har interesse for historie. For lag og organisasjonar i kulturfeltet, for dei som er eigarar av verneverdige eigedomar eller gjenstandar, og for dei som ser at kulturminnearbeidet kan vevast inn i næringsverksemd – enten det er reiseliv eller lokal produksjon av mat eller handverk.

Kulturminnearbeidet vert mest effektivt om flest mogleg er samde om kva retning arbeidet skal ha og kor ressursane skal settast inn.

Då kan Tysnes kommune og innbyggjarane framover få mykje både materiell og ikkje-materiell nytte av alt det tysnesingane har arbeidd og stelt med opp gjennom historia.

Stor takk til alle einskildpersoner, lag og organisasjonar som har bidratt med innspel og praktisk arbeid!

Vibeke Øxnevad Stoltz
prosjektleder

DEL 1

OM PLANEN OG OM KULTURMINNE GENERELT



1.1 PLANEN

Kommunedelplan for kulturminne i Tysnes 2020–2030 er den første kulturminneplanen som er utarbeidd i kommunen.

Denne planen (etter dette kalt **kulturminneplanen**) omfattar det geografiske området Tysnesøya, Reksteren, Skorpo, Seløya og Ånuglo.

Tysnes kommune har fått kr. 200 000 i tilskot frå Riksantikvaren til arbeidet med kulturminneplanen.

Til grunn for planarbeidet ligg ei nyregistrering av kulturminne i kommunen og ein gjennomgang av registreringar som er gjort tidlegare. Nemnast må Riksantikvaren sin offisielle database over freda kulturminne og kulturmiljø Askeladden, og SEFRAK-registreringa. SEFRAK (Sekretariat for Registrering av Faste Kulturminne) - registreringa gjaldt bygg frå før 1900 og vart gjennomført for delar av kommunen i byrjinga av 1990- talet og i 2005-2006. Dette er eit kulturhistorisk register der det ikkje er gjort vurderingar av verneverdi for kvart objekt.

Etter informasjonsmøte med Hordaland fylkeskommune, Tysnes kommune og friviljuge kom sju organisasjonar og nokre enkeltpersoner med innspel til kulturminne i kommunen som bør takast vare på.

Tysnes sogelag vart engasjert av kommunen og fekk kr. 50 000 til å lage eit register over desse kulturminna. Kaare M. Malkenes har utført mesteparten av arbeidet med registreringa. Andre bidragsytarar er: Gunnar Lunde, Alf Terje Myklebust, Jarle Myklebust og John Birger Lid.

Registeret er lagt inn i Riksantikvaren sin database www.kulturminnesøk.no der den som vil kan sjå bileta og lese kommentarane.

Registeret ligg som vedlegg til planen.

Planen omfattar faste kulturminne, bygningar og anlegg som er jordfaste.

Førebels er ikkje lause kulturminne som reiskap, båtar eller immaterielle kulturminne som segner eller spesielle kunnskapar omfatta av planen. Meininga er at kulturminneregisteret skal verte supplert etterkvart og at desse vert tekne inn i planen i samband med revideringar i framtida.

Planen omfattar i hovudsak ikkje automatisk freda kulturminne som vert forvalta av Riksantikvaren og fylkeskommunen.

Planen skal gjelde for ein periode på 10 år.

Planen har ein handlingsdel med tiltak som reviderast kvart fjerde år og koplatt til kommunen sin økonomiplan ved årlege rulleringar.

1.2 ORGANISERING OG MEDVERKNAD

Arbeidet med kulturminneplanen har vore organisert som eit eige prosjekt.

Formannskapet har vore styringsgruppe og rådmannen har vore prosjektansvarleg. Ei prosjektgruppe vart oppretta med prosjektleiar frå stab/kultur og representantar frå landbruk-teknisk, lag og kulturarbeidsgruppa.

For å sikre lokal forankring har lag og organisasjonar og ressurspersonar vore invitert til orienterings- og informasjonssamlingar i både regional og kommunal regi.

1.3 MÅL

1.3.1 HOVUDMÅL

Målet med kulturminneplanen er å samle og systematisere informasjonen om alle delar av den lokale kulturen, auke kunnskapen om Tysnes sine kulturminne, både dei som er felles for region og landsdel og dei som er unike for Tysnes, få eit godt grunnlag for ein heilskapleg framtidig kulturminneforvaltning. Sikre at Tysnes kan opplevast med ei tydelig historisk identitet, både av innbyggjarane sjølve og av folk utanfrå og gje rammer for bevaring av kulturmiljø, kulturlandskap og verneverdige bygg. Dette skal ein oppnå ved å:

- Registrere faste kulturminne og kulturmiljø i kommunen.
- Vurdere og prioritere dei ulike kulturminna.
- Utarbeida ein handlingsplan/forvaltningsplan for lokale kulturminne, som sikrar eit sterkare vern for objekt som i dag har eit svakt juridisk vern.

1.3.2 DELMÅL

- Synleggjere verdien av lokale kulturminne, og auke kunnskapen om korleis dei kan forvaltast, både av det offentlege og av private.
- Tydeliggjere kulturminne som ressurs i samfunnsutviklinga.
- Leggje til rette for vern gjennom bruk.
- Formidle kunnskap om kulturminne gjennom skilting, nettsider, trykksaker, i samband med arrangement og i informasjonsarbeid elles.
- Synleggjere og nytte opplysningane i samband med til dømes reiseliv og annan næringsverksemd.

1.4 OM KULTURMINNE

1.4.1 KVA ER EIT KULTURMINNE?

Kulturminne er alle spor etter menneskeleg verksemd og aktivitet, både fysiske gjenstandar, bygningar, heile miljø og kulturlandskap, og dessutan segner, mat- og handverkstradisjonar, musikk og andre immaterielle minne.

Omgrepet omfattar stader det knyter seg historiske hendingar, tru eller tradisjon til. Naturelement med kulturhistorisk verdi er òg eit kulturminne. På fjellet finns gjerne spor etter jakt, fangst, leirplasser og stølsområder. Jordbruksminne finns i dalar og på fine flatar ved fjordane. Ved sjøkanten finns båtstøene, sjøbuene og mange av steinalderplassane. I tettstader finn ein mellom anna kulturminne knytt til handel, produksjon og offentlig forvaltning.

1.4.2 KVIFOR TA VARE PÅ KULTURMINNE?

Kulturminne og kulturmiljø er ein del av grunnlaget for å forstå oss sjølve og det samfunnet me lever i. Denne kunnskapen gjer heimstaden spesiell for kvar enkelt og ofte unik i ein større samanheng.

Kulturmiljø og kulturlandskap gjev stadane særpreg, men gjev også kunnskap om felles historie, tradisjonar og handverk. Desse kulturminna representerer både miljømessige, kulturelle, sosiale og økonomiske verdiar, og er ein ressurs både for den einskilde si sjølvforståing og trivsel, og som klangbotn for samfunns- og næringsutviklinga i området.

Kulturminne er ikkje-fornybare ressursar og dei kan ikkje erstattast om dei vert øydelagde.

1.4.3 KORLEIS VERT KULTURMINNA VERNA?

FREDA KULTURMINNE OG KULTURMILJØ

Freding er det sterkaste juridiske vernet eit kulturminne kan ha. Dette medfører at inngrep eller endringar må godkjennast av styresmaktene. Ved freding av kulturminne vert **Kulturminnelova** nytta. Kulturminne eldre enn frå 1537, og ståande bygningar frå før 1650, er automatisk freda. Andre kulturminne kan vedtaksfredast av Riksantikvaren.

VERNEVERDIG KULTURMINNE

Eit verneverdig kulturminne er eit kulturminne som har vore gjennom ei kulturminnefagleg vurdering og er vurdert som verneverdig. Dei mest verneverdige kulturminne er av nasjonal verdi. Desse er freda etter kulturminnelova. Kulturminne kan også ha regional eller lokal verdi.

Normalt vil det vere kommunane som sikrar vern av slike kulturminne gjennom plan- og bygningslova. I hovudsak er det desse kulturminna planen omfattar.

Dei fleste verneverdige kulturminne er ikkje formelt verna. Mange vert likevel teken vare på fordi dei vert oppfatta som verdifulle av eigarar og brukarar.



Uraket, Lande



Skulestova, Solheimsdalen



Generator, svinghjul og turbin frå kraftstasjonen på Gjerstad

Bautasteinar, Årbakkavollen



1.5 OM KULTURMINNEVERN

1.5.1 AKTØRAR, ROLLER OG ANSVAR I KULTURMINNEARBEIDET

Kulturminnearbeid er eit stort og samansett felt, og det kan ofte vere vanskeleg å vite kven som har ansvaret for kva. Her følgjer ei kort oppsummering.

STATLEG MYNDE SITT ANSVAR

Klima- og miljødepartementet har det overordna ansvaret for forvaltning av kulturminne og kulturmiljø. **Riksantikvaren** er fagdirektoratet og skal utøve den nasjonale kulturminnepolitikken som er vedteken av Storting og Regjering. Riksantikvaren har fullmakt til å frede kulturminne ved enkeltvedtak eller forskrift. Kommunale plansaker kan stoppast ved motsegn dersom nasjonale kulturminneinteresser er trua.

FYLKESKOMMUNEN SITT ANSVAR

Fylkeskommunen har ansvar for kulturminne i fylket og skal sørge for at det vert teke omsyn til kulturminne og miljø i planlegging, også i kommunane. Oppgåva er delegert frå Klima- og miljødepartementet og Riksantikvaren. Fylket har i tillegg rådgjevingsoppgåver innan bygningsvern.

TYSNES KOMMUNE SITT ANSVAR

Kommunen har ei nøkkelrolle for å sikre kulturminne gjennom samfunns- og arealplanlegging med Plan- og bygningslova som viktigaste verkemiddel. Kommunen har ansvar for forvaltning av nyare kulturminne som ikkje er freda og for sine egne freda og verneverdige kulturminne.

1.5.2 VIRKEMIDDEL I KOMMUNAL KULTURMINNEFORVALTNING

Kommuneplanens arealdel – Kulturlandskap og kulturmiljø kan få vern gjennom å nytte omsynssoner etter ny plan- og bygningslov. Planen bør ha framlegg om ulike omsynssoner, retningsliner og generelle estetiske retningsliner om landskap og byggeskikk.

Reguleringsplanar – Omsyn til kulturminne er avgjerande når nye planar vert utarbeidd. Tilpassing av tilbygg og nybygg, gjennom dimensjonering, form og materialbruk. Det er eit mål at nye planar skal ha klare reguleringsreglar som er forutsigbare for tiltakshavarar og gjør byggesakshandsaminga enklare.

Informasjon – Den daglege rådgjevingstenesta i plan- og byggesaker er viktig. Stab for kultur har eit ansvar for informasjon, samarbeid, formidling og rettleiing til eigarar av verneverdige bygningar og kulturmiljø. Andre kanalar er bibliotek, nettsider, skule og lokalhistorisk arkiv.

Økonomi – Kommunen bidrar med tilskot til kulturminnevern til lag og private. Fylket gir og tilskot – alle søknader vert prioritert av kommunen før vidareending til fylket. Kommunen gir informasjon om ulike offentlege og private tilskotsordningar og hjelp til utforming av søknader.

EIGARAR

Mange kulturminne er eigde av private eller organisasjonar som tek eit stort ansvar for vår felles kulturarv. Eit godt samarbeid med eigarane, og kunnskapsutveksling- og formidling er ein føresetnad for å få til ein god forvaltning av kulturminne. Mange kulturminne er ressurskrevjande å ta vare på og krev både innsatsvilje og god økonomi. Kunnskap og kompetanse er avgjerande både for forvaltninga, eigarane og handverkarar.

LAG OG ORGANISASJONAR

Kulturminnearbeidet i Noreg starta på 1840-talet, då private skipa «Foreningen til norsk fortidsminnesmerkers bevaring» (**Fortidsminneforeningen**). Lag og organisasjonar – både lokalt og nasjonalt – gjer framleis mykje viktig av kulturminnearbeid i kommunane. I Tysnes har me desse laga som er engasjerte i kulturminnearbeid:

Tysnes Sogelag
Tysnes Musélag
Tysnes Kystlag
Tysnes Husflidslag
Venelaget for jåttseglarane
Solheimsdalen grendelag
Uggdal bygdelag
Tysnes bondekvinnelag

1.5.3 ØKONOMISKE STØNADSORDNINGAR

Dei som tek vare på kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap kan søkje stønad til kostnader ved skjøtsel, vedlikehald eller restaurering. Det finst ei rekke offentlege og private stønadsordningar både til formidlingstiltak og tiltak for å ta vare på kulturarven.

Riksantikvaren har fleire tilskotsordningar.

Norsk Kulturminnefond har tilskotsordning til eigarar av alle typar faste verneverdige kulturminne. Lag og organisasjonar, enten dei er eigar eller forvaltar kulturminne på vegner av andre, kan søke.

Hordaland fylkeskommune har stønad til vern og vøling av verneverdige bygg og anlegg.

Tysnes kommune har sett av midlar til kulturverntiltak.

SMIL–midlane (Spesielle miljøtiltak i landbruket) blir forvalta lokalt av kommunane

Eit anna økonomisk verkemiddel er fritak frå eigedomsskatt for eigarar av freda og verneverdige bygg

Lokalt og regionalt næringsliv gjev i ein del tilfelle stønad etter søknad til spesielle prosjekt.

1.6 DEFINISJONAR

1.6.1 KULTURMINNEVERDI

Kulturminneforvaltninga delar gjerne verdiane inn i tre grupper:

Kunnskapsverdiar – til dømes historia om bygningar, fiskeri, landbruk, krig, samferdsel, næringsverksemd og idrett.

Opplevingsverdiar – til dømes handverksverdi, arkitektonisk verdi, symbolverdi.

Bruksverdiar – økonomisk verdi, næringsverdi, formidlingsverdi, museumsverdi.

1.6.2 MATERIELLE KULTURMINNE

Vert delt i to hovudgrupper:

Faste kulturminne – t.d. bygningar, steingardar og gravhaugar, vegar osv. Arkeologiske funn inngår som delar av eit fast kulturminne så lenge dei ligg i jorda eller under vatn.

Lause kulturminne – t.d. gjenstandar som kan flyttast, museumsgjenstandar.

1.6.3 IMMATERIELLE KULTURMINNE

Til dømes stadnamn, organisasjonsliv, tingstader, tradisjon, hendingar, tru og mat- og tradisjonshandverk. (Kunnskapen om å byggje og bruke Oselvaren har, som første norske immaterielle kulturuttrykk, blitt teken inn på lista til UNESCO over immateriell kulturarv.)

1.6.4 VERNEVERDIG KULTURMINNE

Eit verneverdig kulturminne er eit kulturminne som har vore gjennom ei kulturminnefagleg vurdering og er vurdert som verneverdig. Dei mest verneverdige kulturminne er av nasjonal verdi. Desse er freda etter kulturminnelova. Kulturminne kan også ha regional eller lokal verdi. Normalt vil det vere kommunane som sikrar vern av slike kulturminne gjennom plan- og bygningslova.

Dei fleste verneverdige kulturminne er ikkje formelt verna. Mange vert likevel tekne vare på fordi dei vert oppfatta som verdfulle av eigarar og brukarar.

1.6.5 FREDA KULTURMINNE OG KULTURMILJØ

Freding er det sterkaste juridiske vernet eit kulturminne kan ha. Dette medfører at inngrep eller endringar må godkjennast av styresmaktene. Ved freding av kulturminne vert kulturminnelova nytta.

Freding kan skje på tre måtar:

AUTOMATISK FREDING

Alle kulturminne frå før år 1537 (bygningar, buplassar, vegfar, bautastader, gravhaugar m.m.) og ståande bygningar frå før år 1649 er direkte freda etter lov, utan særskilde vedtak. Slike automatisk freda kulturminne har etter lova ein sikringssone/omsynssone på 5 meter rundt det freda objekt.

Skipsfunn og samiske kulturminne som er eldre enn 100 år er automatisk freda etter kulturminnelova.

Automatisk freda kulturminne vert ivaretatt av Riksantikvaren og fylkeskommunane.

VEDTAKSFREDING

Eit vedtaksfreda kulturminne vert freda gjennom enkeltvedtak etter kulturminneloven. Vedtaksfreding kan omfatte alle kulturminne yngre enn frå 1537, ståande bygg yngre enn frå 1649, kulturmiljø og fartøy.

FORSKRIFTSFREDING

Bygg og anlegg som er freda gjennom forskrift, ikkje enkeltvedtak, er forskriftsfreda. Forskriftsfreding vert brukt på bygg og anlegg i statleg eige og kulturmiljø.

1.6.6 LISTEFØRT KULTURMINNE

Eit listeført kulturminne er eit som etter ei kulturhistorisk vurdering er identifisert som verneverdig og oppført på ei liste over objekt som skal forvaltast på ein definert måte. Både kulturminne som er formelt verna (ved lov eller forskrift) og kulturminne utan formelt vern kan vere listeførte. Døme på slike lister er Riksantikvaren si liste over alle norske kyrkjer bygde mellom 1650 og 1850. Nokre kyrkjer bygde etter 1850 er òg listeførte.

1.6.7 KULTURLANDSKAP

Gjeld alt landskap som er påverka av menneske, særleg jordbrukslandskap.

1.6.8 KULTURMILJØ

Eit område der kulturminne er del av ein større heilskap til dømes ei setergrend, eit fiskevær, eit industriområde eller naturelement med kulturhistorisk verdi.



Naust, Landrøyvågen



Gravrøys, Malkenes

Eldhus, Tysnes



Tysnes kyrkje



DEL 2

OM TYSNES



2.1 HISTORIA

Både Johannes Heggland sin «*Tysnes – det gamle Njardarlog*» og «*Gards- og ættesoga for Tysnes*» av Ernst Berge Drange er rike kjelder for den som vil gjere seg kjend med Tysnessoga.

2.1.1 FØRHISTORIE

Det er for det meste semje om at namnet Hordaland – hordane sitt land – er eit minne om innvandring av den folkegruppa vi kallar harudar, og som opphavleg budde i Jylland i Danmark. Nokon hevdar at dei kom i jernalderen, for om lag 2000 år sidan, medan andre meiner at dei kom alt i bronsealderen, kanskje meir enn 1000 år tidlegare.

Det gamle namnet på Tysnes – Njardarlog – kjem truleg av at dette var grødegudinna sitt lovområde. Gards- og stadnamn peikar òg tilbake på harudane si gudedyrking, slik vi kjenner den frå romerske sogeskrivarar og historiske funn andre stader. Tysnes kan ha vore eit religiøst senter for hordane og for store delar av Vestlandet.

Eit av dei mest særmerkte fornminne i Tysnes – Årbakkavollen – stammar frå jernalderen. Her har vore meir enn 20 gravrøyser og minst 6 bautasteinar. Sjølv om delar av dette har vorte øydelagt, er det framleis råd å sjå at denne staden må ha vore noko særskilt. Det kan vere naturleg å knyte dette saman med harudane og deira Njord-dyrking.

I Uggdal finst det mange spor etter menneska som levde her i førhistorisk tid. Gjennom dalen gjekk den gamle ferdslveggen mellom Uggdal og Onarheim. I same området ligg restar av gravfelt frå

jernalderen, ei langhustuft frå folkevandringstid og restar av ein geil og rydningsrøyser.

Utover vikingtida står Onarheim fram som eit senter, både for Tysnes og for store delar av Hordaland. Her var tingstad, og her vaks etter kvart Olavsgildet fram, truleg med røter i førkristen tid. Slike gilde er kjend frå heile Nord-Europa og var ein slags brorskap, der dei mektige i samfunnet støtta kvarandre praktisk og økonomisk. Dei laga lovar og reglar, og er på eit vis kimen til eit regulert samfunn slik vi kjenner det.

2.1.2 UTVIKLING

Det første manntalet vi har frå Hordaland er frå 1519. Det viser at det då var 107 bønder i Tysnes. Storparten av desse var leigendingar, jorda var eigd av konge, kyrkje og adel. Mektigaste mannen her på denne tida var sjøadmiral Axel Mowatt, som hadde setegard på Hovland. Tidleg på 1600-talet eigde han mest halve Tysnes, og var rikaste mannen på Vestlandet.

Over tid endra dei økonomiske tilhøva seg. Folketeljingar på 1800-talet syner at over 90% av bøndene i Tysnes no er sjølveigarar. På denne tida er Tysnes den kommunen på Vestlandet med tettast busetnad.

Men alt lenge før dette hadde vestlandsbonden måtte finne seg inntekter attåt bruket. Kring år 1500 tek overgangen til pengesamfunnet til for alvor, og bonden må skaffe pengar til hus og heim, til reiskapar og skattar.

Mot hundreårsskiftet vert det fleire tysnesingar enn øyane kan fø på, og fram til første verdskrigen utvandrar om lag 2000 av dei til USA. Etter at amerikanske styremakter kring 1930 stogga innvandringa, var det ofte vanleg at familiefaren arbeidde i USA, gjerne fleire år av gangen, mens kona var heime og passa gard og ungar.

Kalkbrenning er ein av dei eldste næringsvegane i Tysnes. Berggrunnen sør i kommunen er rik på kalk, og mange av gardane frå Onarheim og sørretter brende kalk frå 1300-talet og heilt til byrjinga av 1900-talet. Kalken vart for det meste seld til Bergen og til England og vart mellom anna nytta til husbygging.

Skogen har alltid vore viktig for Tysnes. I periodar var utnyttinga så hard at det vart restriksjonar på hogsten. Vassdrivne oppgangssager gjorde at Tysnes gjennom lang tid leverte alle typar trevirke, mellom anna i samband med den omfattande «Skottehandelen» frå 1500-talet og framover. Skotske skip selde tøy og reiskapar og kjøpte trevirke, båtar og «ferdighus».

Fiske har naturleg nok alltid vore ei viktig attåttnæring. Frå 1700-talet vert det fortalt at bøndene ein periode tente så godt på torskefisket at dei forsømde gardane. Seinare fekk sildefisket skulda for det same. Nordlandsfarten i siste halvpart av 1800-talet var ei viktig næring på mange vis. Både jektebyggjarar, mannskap og eigarar kom frå Tysnes, men det var bergenske kjøpmenn som hadde kapital til sjølve fiskehandelen.

Ei litt spesiell attåttnæring hadde jättseglarane frå Tysnes. I byrjinga på 1900-talet hamna ein ung mann frå Våge som mannskap på kappseglingsyachten til ein amerikansk millionær. Han, og dei han etter kvart fekk med seg, må ha gjort eit svært godt inntrykk, for på 1930-talet var nesten 250 tysnesingar jättseglarar kvart år i sommarsesongen. Dette var opp mot ein firedel av arbeidsstyrken i kommunen.

2.1.3 ENDRINGAR I NYARE TID

Utviklinga i Tysnes opp gjennom nittenhundretalet var mykje lik den til andre kommunar på vestlandet som ikkje hadde store overskot av

kraft å by fram til industrien. Men meir enn mange andre stader vart Tysnes ein mykje brukt feriestad.

Dels handla det om folk med røter i kommunen som held kontakt gjennom ferie i dei eldre, fråflytta husa på gardane, dels var det folk som kjøpte tomt og bygde hytte. Ein del av desse hyttene er etter kvart så gamle at dei i seg sjølv er verneverdige – dei representerer glimt av velstandsutviklinga i det norske samfunnet gjennom dei siste hundre åra. Ein god del er og sjølvbygde og fortel om den draumen mange arbeidsfolk i byane bar på om eit eige hus på landet. Både pengane dei ferierande la etter seg og den kontakten mellom by og land som dei representerer har truleg hatt mykje å seie for samfunnsutviklinga i kommunen.

På 1900-talet førte tekniske nyvinningar og utviklinga av næringsliv og arbeidsliv med seg store omveltingar for den einskilde. Dette skjedde først kring byar og industristader. I Tysnes var det ingen naturlege føresetnader for storindustri, og samfunnet her endra seg langsamt samanlikna med livet i byane. Eit godt døme på dette er at Tysnes ikkje fekk organisert elektrisitetsforsyning før kring 1950.


På 1960-talet budde det om lag 4000 menneske i Tysnes. Dei fleste familiar hadde eigen gard der dei henta heile eller delar av inntekta. Etter kvart har skilnaden på bylivet og landlivet minka, og i dag lever folk på Tysnes og folk i byene på same måte og med like tilbod. Næringslivet i kommunen er no ganske differensiert med små og mellomstore industriverksemdar, oppdrettsnæring, entreprenørar og handverkarar – og mange pendlar til nabokommunar eller til Nordsjøen.

Så den gamle skilnaden på by og land er no mest borte.

Noko som berre gjer det endå viktigare å ta vare på dei kulturminna me har frå tidlegare tider.



Stem, Håland



Kverhus, Amlandstø

Skulehus, Kaldafoss



Steinklopp, Hovlandselvo



2.2 KULTURMINNE OG KULTURMILJØ I TYSNES

Opplistinga her er ikkje ein komplett liste over alle kulturminna i Tysnes, men prøver å gje eit brukbart oversyn over mykje av det som finst innanfor dei einskilde kategoriane.

2.2.1 ARKEOLOGISKE KULTURMINNE

I Tysnes finst det mange spor etter menneska som levde her i førhistorisk tid.

Lause arkeologiske gjenstandar som er funne i jord og er frå før 1537, mynter frå før 1650 eller gjenstandar funne i sjø som er eldre enn 100 år, er staten sin eigedom. Universitetsmuseet i Bergen har eit funn frå gravfeltet på Årbakka som inneheld gravgods frå 3-400 talet med restar av nål, kam, dekorerte bitar av bein, glasbrot, bjørneklør og brende menneskebein.

Talet på faste arkeologiske kulturminne i kommunen er stort. Alle faste kulturminne som til dømes restar etter gravhaugar, buplassar og holar er automatisk freda og vert forvalta av Riksantikvaren.

Men å sjå desse kulturminne kan vere komplisert. Tusen år gamle gravhaugar, dyregraver og kokegropar ser om lag likedan ut som alle andre haugar og gropar. For dei som ferdast i skog og mark i fritida vil auke kunnskap om dei vanlegaste kulturminna kunne gje auka oppleving og innsikt om menneska som har levd før oss og om korleis samfunnet har vakse fram.

For dei som utførar sitt yrke i skogen og landskapet elles vil kunnskap gje betre moglegheiter for å handsame slike kulturminne på rett måte, slik dette går fram av LOV 1979-06-09 nr 50: Lov om kulturminne.

ÅRBAKKAVOLLEN

Årbakkavollen er kanskje historisk sett det viktigaste kulturminnet i kommunen. Det er automatisk freda, og Riksantikvaren sitt ansvar, men det er viktig at kommunen følgjer opp arbeid med planlagde skjøtselsavtaler.

FERDSLEVEGEN I UGGDALSDALEN

Gjennom Uggdalsdalen gjekk den gamle ferdsleveggen mellom Uggdal og Onarheim. I same området ligg restar av gravfelt frå jernalderen, ei langhustuft frå folkevandringstid og restar av rydningsrøyser.

2.2.2 NYARE KULTURMINNE

KULTURLANDSKAP OG MILJØ I LANDBRUKET

Kulturhistorisk verdfullt landskap med mange kulturminne bør i størst mogleg grad takast vare på for å halde på området si eigenart. Oftast er landskapet knytt til jordbruket og omfamnar dyrkingslandskap med bygningar, innmark, haustingslandskap i utmark, og setrelandskap i skog og fjell. Verneverdige enkeltelement kan vere gardstun, åkre, enger, steingjerdar, lauvingstrær, vegar, stigar og freda kulturminne som gravhaugar.

Tysnesneset: Tysnes er ein av dei eldste gardane på Tysnes. Garden var det eldgamle midtpunkt på den nordre del av Tysnesøyo, med både geistlege og militære funksjoner. I nyare tid har garden gjeve namn både til sokn, prestegjeld og kommune.

Nedrevåge: Kulturlandskapet og bygningsmiljøet på Nedrevåge er eit heilskapleg og intakt kulturlandskap som fortel om livet til storbonden på Vestlandet på 1800-talet. Dei fleste bygningane står i dag slik dei gjorde for 150 år sidan, og bygningsmassen består av eit stort og staseleg hovudhus, stabbur, skytja, smie, eldhus, geitehus og sjøbruksmiljø med Longebu og Saltebu. Kulturlandskapet er spesielt med varmekjær vegetasjon, vollkonstruksjonar, mura bruer og ein eikeskog. Til eikeskogen går ein gamal veg frå 1800-talet. Nedrevåge vart i 1997 kåra til Tysnes sitt utvalde kulturminne og fekk i 1998 Hordaland kulturlandskapspris. Saltebuo har gjennom fleire år vore nytta i samband med ulike kulturarrangement.

Uratunet på Lande: Gardstunet vart etablert ved deling av Lande kring 1616. Det gamle tunet med alle bygningane står framleis for ein stor del slik det har gjort i ætt etter ætt. Fleire av husa daterer seg tilbake til 1700-talet.

Peratunet på Indre Ve: Gardstunet er det eldste tunet på Ve. Vestre enden av stovehuset kan daterast til 1700-talet. Austre del av stovehuset var ei røykstove som framleis er open til mønet.

Rekkjetunet på Færavåg: Rekkjetunet representerer ein gamal byggjeskikk. I gardstunet ligg bygningane i rekkje med fleire samanbygde hus. Storstova vart bygd i 1599 og tunet fekk si form på 1800-talet.

Ånuglo, Seløy, Midtøya og Flornes: Ånuglo naturreservat er øyane Ånuglo, Seløy og delar Midtøya og av Flornes. Naturreservatet vart verna i 2000 etter at delar av området har vore administrativt freda

sidan 1911. Området har eit rikt dyreliv og floraen er blant dei rikaste og mest interessante som er registrert på vestlandet. På Ånuglo finst edellauvskog med eik og lind, og kalkfurskog. Her veks mykje kristtorn og truleg den største eføyen i landet.

Seløya vart teken opp som øydegard kring 1600. Etter at garden vart selt til staten i 1917, var det paktarar her fram til 1955. Skogen, kalkfjell og sjøen var dei viktigaste ressursane. Seløystova vart flytta til Onarheim frå Seløya i 1964. Stova er truleg frå 1700-talet og Sunnhordland museum samarbeider med Tysnes musélag om vedlikehald og bruk av stova.

2.2.3 BYGNINGAR OG BYGNINGSMILJØ

BUSTADER

Fram til rundt år 1900 vart alle nye hus bygd rundt omkring på gardane og det står mange fine eksempel på både større og mindre bolighus nær sagt overalt i kommunen.

Kring 1900 tok ein til å bygge frittstående bolighus utanom gardane, og etter kvart utvikla det seg bygdesentra både i Uggdal og Våge, seinare og i Lundegrend og på Onarheim.

Ein god del bolighus vart moderniserte frå 1960-talet og frametter, mellom anna med nye, store vindauge, skifting av kledning, etterisolering med meir, og har mista mykje av verdien, men det er framleis ein hel del hus både på gardane og i bygdesentra med gode arkitektoniske verdiar.



Rekkjetunet, Færevåg



Kyrkjegard, Hope

Kvernhus, Gjerstad



Saltebuo og Longebu, Nedrevåge



FRITIDSBUSTADER

Det ei mange feriehus rundt om i kommunen, både ved sjøen og i «innlandet». Her finst alt frå arkitektheikna perler til sjølvsnokra småhus, meir sjarmerande enn vakre. Mange utflytta tysnesingar har og teke godt vare på dei gamle gardshusa dei ein gong flytta frå.

Det har til no vore lite fokus på ferie og fritid i kulturminnesamanheng. Ein del feriebustader og -miljø tek no til å verte så gamle at ein godt kan sjå nærare på dette området.

ANDRE BYGGVERK

Rundt om i kommunen står fleire bygningar, ofte knytt til næringsverksemd eller sosialt liv opp gjennom historia. Nokre er i dårleg stand, nokre er endra så mykje at dei har mist verdien som kulturminne, medan andre er teke vare på av eigarar eller friviljuge. Og nokre er så nye at folk ennå ikkje ser på dei som kulturminne. På dette området manglar me ein fullgod oversikt, og her må gjerast eit registreringsarbeid i åra som kjem.

KVERNER

Å få kornet malt til mel var bokstaveleg talt livsviktig for befolkninga, og både ved dei større vassdraga og ved mindre elver som berre kunne nyttast når det var flaum, vart det bygd kverner. Etter at dei gjekk ut av bruk har dei mykje stått til nedfalls, men fleire har i dei seinaste tiåra blitt restaurerte.

SAGBRUK

I mange vassdrag sto det sagbruk, som gjennom fleire hundre år skaffa både reine inntekter frå trelast, og godt byggjemateriale til både hus og båtar, som mellom anna vart solgt til Skottland og Shetland.

Hopssaga

Oppgangssaga ved Hopssundet er eit godt døme på denne typen sag, og vart restaurert på 1990-talet. I same området ligg og den gamle, restaurerte kyrkjegarden for Nord-Reksteren.

Iselvo

I samband med tømmerfløyting til sagbruket på Flatråker (og annan transport før vegen kom) er det mura opp kanalar mellom vatna i Flatråkervassdraget.

ELEKTRISITETSVERK

Tysnes fekk ikkje organisert elektrisitetsforsyning før etter andre verdskrigen, men allereie i mellomkrigstida vart det bygd ein del private elverk.

Gjerstad

Friviljuge har gjort mykje restaureringsarbeid på eit mindre elverk på Gjerstad.

STØLAR

Overalt i Tysnesfjella ligg stølar og stølsmiljø. Dei ligg naturleg nok langs det som i dag vert nytta som turstigar, og fleire av desse husa vert haldne ved like av eigarar og friviljuge.

2.2.4 SJØBRUKSMILJØ

Ei registrering gjort av Fylkeskonservatoren i Hordaland lister opp i alt 33 verneverdige sjøbruksmiljø i Tysnes. To av desse er klassifiserte i vernekategori A: Nedrevåge og Neshamn. Neshamn vart sida mykje øydelagt i ein brann.

NEDREVÅGE

Longebu og Saltebu. I 1998 vart buane restaurert og same året vart Nedrevåge tildelt Hordaland Kulturlandskapspris.

Av dei som er klassifiserte i vernekategori B, kan nemnast:

VATTEDAL

Heile naustmiljøet med handel og båtanløp er særmerkt, dei fleste bygningane er frå rundt 1920.

NYMARK

Handelsplass, bakeri, bu og reiskapshus.

GJØVÅG

7 naust frå omkring år 1900, våningshus og forretning.

KLINKHOLMEN

Viktig handelsstad i Bårdsundet, no i privat eige som feriebusad.

2.2.5 KYRKJER OG GRAVPLASSAR

Religion har opp gjennom historia vore ein viktig del av folk sitt liv, og etter innføring rundt 1000-talet har religionen i Noreg vore kristendomen, med sine institusjonar og eigedomar. Nær sagt alle var


kyrkjegjengarar, og kyrkjene vart derfor også møteplassar for utveksling av verdslege nyhende og informasjon

Ifølgje forfattaren og lokalhistorikaren Johannes Heggland er det lite vi veit om kyrkjene si søge før mot slutten av 1200-talet då kvart sokn hadde si kyrkje. Men det er god grunn å rekne med at det var kyrkjer her og lenge før den tid.

Uggdal kyrkje: Den eldste oppteikninga vi har om kyrkjene i Tysnes er *Ugdal kirkiu* som er nemnt alt i 1288 i eit testamente. Første Uggdalskyrkja har truleg vore ei stavkyrkje og kyrkjestaden har mest sannsynleg vore på Myklestad. Den nye kyrkja på Myklestad er frå 1876. Forløparen var ein tømmerkyrkje bygd rundt 1630 som sto noko lenger ned, der gravplassen no er. Det gamle alterskapet, truleg frå 1500-talet, er eit heilt spesielt og eineståande kyrkjeinventar som vert oppbevart på Bergen museum.

Onarheim kyrkje: Onarheim er ein historisk plass og Onarheim kyrkje vart første gang nemnt i skriftlege kjelder frå 1327. Ei middelaldersk steinkyrkje vart truleg bygd i andre halvdel av 1100-talet med eit rektangulært, nær kvadratisk skip av stein og eit smalare, rektangulært kor av tømmer. Ifølgje tradisjonen skal klebersteinen som vart nytta vore henta frå Baldersheim i Strandvik. Mykje av denne steinen finst enno på Onarheim, både i grunnmuren under nykyrkja og i kyrkjegardsmuren. I 1819 blei skipet reve og nytt skip reist og det gamle koret blei bygd om.

Nye Onarheim kyrkje vart reist i 1893 til erstatning for kyrkja frå 1819/20. Ved utgraving i 1962 vart delar av nord- og vestmuren frå gamlekyrkja dokumentert under og øst for den nye kyrkja.



Oppgangssag, Hope



Kolerakyrkjegard, Dukanest

Kystfortet, Svarvahella



Kalkomn, Flakka



Tysnes kyrkje: Truleg vart den aller første kyrkje bygd i middelalderen på den gamle gravplassen ved Likvikjo på garden Tysnes. Her vart seinare ein tømmerkyrkje reist i 1685. Etter ein stormdag sokk tømmerkyrkja saman og ein ny kyrkje vart bygt i 1868. I 1905-06 vart nyekyrkja flytta over vågen til Gjerstad. Klokka i kyrkja er den same som har følgt kyrkjene i Tysnes i alle år.

Reksteren kyrkje: Reksteren vart heilt frå 1500-talet delt mellom Tysnes og Uggdal sokn.

Først i 1914 vart det valt ein kyrkjekomiteé som skulle skaffe midlar til eit eige kyrkjebygg sentralt på Reksteren. I 1934 vart det semje om tomteframlegg på Bruntveit og den særprega Reksteren kyrkja vart ferdigstilt i 1937.

Onarheim kyrkje, Reksteren kyrkje, Tysnes kyrkje og Uggdal kyrkje er listeførte kulturminne.

Kyrkjegardane er våre eldste offentlege uteareal. Både kyrkjegardane og gravmonumenta er prega av si tid, og kan fortelja noko om synet både på tru, liv og død, estetikk og ideal.

Kyrkjene har sine kyrkjegardar, men det finst og gravplassar andre stader.

Hope kyrkjegard og Humlevik kyrkjegard: Etter kvart som kyrkjegarden på Tysnes vart for liten fekk Reksteren gravplass på Hope, og Lunde i Humlevik, begge vart oppretta på 1890-talet.

Kyrkjegarden på Hope vart innvigd i 1893 og var i bruk fram til 1922. Gravplassen vart nedlagt i 1993. I 2008-09 vart gravplassen rydda, bårhuset restaurert og ein kulturminnetavle sett opp framfor steingarden. Ein dugnadsgjeng sto for restaureringsarbeidet med tilskot frå kommunen.

Grønvikjo: Gravplassen på Bruntveit, som ligg nedanfor hovudvegen mot sjøen, vart teken i bruk i 1922. Gravplassen vart seinare utvida og den nye delen ligg no langs fylkesvegen.

Flatråker og Amlandstø: I 1921 vart ein hjelpekyrkjegard oppretta på Flatråker og to år etter vart ein gravplass lagt i utmarka rett ovanfor Amlandstø.

Sør-Reksteren: Gravplassen langs fylkesvegen attmed bedehuset på Nedre Haukafær stod ferdig i 1930.

Kolerakyrkjegarder

Under koleraepidemien i 1849 vart det oppretta to spesielle gravplassar for dei som døydde av koleraen. Desse vart på grunn av frykt for smitte lagt langt vekk frå folk. Den eine ligg på Dukaneset og den andre på Sæ.

2.2.6 SAMFERDSLE

Frå gamalt var sjøen ferdslvegen i Kyst-Noreg, både for lokalbefolkninga og for større fraktesbåtar.

Men mellom gardar og bygder gjekk det stigar, og nokre av desse vart etter kvart utvida til køyrevegar, først for hest og kjerre og til slutt til bilvegar.

På sett og vis representerer samferdsleutviklinga framveksten av det moderne samfunnet slik vi kjenner det.

Det er historia om korleis menneska vert knytt stadig tettare saman, dei kunne handle meir med kvarandre, utveksla meiningar, erfaringar og kunnskapar, og reise og oppleve andre miljø enn sine egne.

SJØVEGEN

Sjøvegen var langt fram på nittenhundretalet viktigaste ferdslevegen. Tysnes, som ligg sentralt til mellom Sunnhordland/Rogaland, Hardanger og Bergen, var eit knutepunkt i området. I seglskutetida var det fleire gjestgjevarstader i kommunen. Då fjordabåtane tok over trafikken av folk og gods var det anløp mange plassar. Kaianlegg og bygningar som vitnar om handelsverksemd finst fleire plassar, nokre av desse er og tekne vare på.

LANDEVEGEN

Stigar

Stigar vart tråkka opp der det var behov for dei, frå gardane til sjøen og opp til stolar på fjellet. Mange av desse gjer i dag nytten som turstigar og vert merka og haldne ved like av friviljuge og med tilskot frå både kommunen og andre, til dømes Bergen og Omland Friluftsråd. Fleire stader er det informasjonstavlar som set stigen inn i eit kulturhistorisk perspektiv.

Bygdeveggar

Ein del av stigane vart etter kvart utvikla til betre gangveggar. Desse varierer i kvalitet frå det som framleis mest er for stigar å rekne, til steinsette veggar, med steintrappar og kantar. Eigedomar i området hadde arbeidsplikt nokre dagar kvart år på vegen og dei er såleis eit godt døme på kulturminne frå det gamle bondesamfunnet. Dei er no dels så tilgrodde at dei nesten er usynlege, og dels har nye bilveggar vore lagt oppå traseen for dei gamle bygdevegane, mens mange stader kan ein likevel sjå spor etter vegane og arbeidet som er gjort.

Bilveggar

Delar av vegnettet i Tysnes er framleis eksempel på gamal vegbygging og til dømes den steinmura vegen langs Vevatnet er eit fint monument over gammalt vegbyggjarhandverk. Moderne krav til sikring og

vegstandard fører med seg inngrep som nok er naudsynte men øydelegg vegen sin kulturminneverdi. Gamle stabbesteinar misser mykje av verdien når dei går hand i hand med autovern i aluminium eller sikringskantar i betong.

2.2.7 KRIGSMINNE

Andre verdenskrigen var fem viktige år i historia til heile landet. I Tysnes finst det og minne frå denne tida, mest tydeleg er restane etter dei tyske festningsanlegga på Reksteren, på Flygansvær og Kaldafoss, der okkupasjonsmakta kunne kontrollere innseglinga frå Nordsjøen.

FLYGANSVÆR

Her ligg betongkonstruksjonane for både kanonstillingar og observasjonspostar. På hausten 1941 måtte dei fastbuande på Øvre Flygansvær flytte og tyskarane overtok husa deira. Ved slutten av krigen var det 93 mann på fortet. Kommunen har sett opp ein informasjonstavle ved området.

SVARVAHELLA

Kystfortet er mykje likt det på Flygansvær. På stigen som går gjennom hytteområdet passerar ein kanonstillingar og tunnellar heilt til ein kjem til kaien som ligg i enden av vegen. Tek ein avstikkaren opp til Sædalen ser ein restar etter tyskarane sitt anlegg med m.a. matsal, kjøken og sjukestove. Tursttavle er sett opp med informasjon om kystfortet.

SKORPEN

Trodlahålo eller Russahola er ein håle i fjellet 50 moh. i Skorpelia. Her låg ein nordmann og ein russar i dekning det siste krigsåret.

Nordmannen på grunn av motstandsarbeid i Odda-distriktet og russaren hadde rømt frå ein fangeleir i Sauda. Med god hjelp frå lokalbefolkninga klarte dei seg.

2.2.8 NÆRINGSVERKSEMD

Næringsverksemda i Tysnes har opp gjennom historia stort sett vore knytt til kommunen sine naturlige føresetnader: Skog, sjø og vassdrag. Langs austsida av Tysnes går dessutan eit belte med kalkstein, som vart brent til kalk og seld både i Noreg og i utlandet.

Skogen la grunnlag for handel med tømmer og trelast, og gjenstandar av tre som til dømes båtar, både oselvarar og større fartøy, og «ferdighus» av tilskore tømmer.

Sjøen var ferdisleåre og ga matauk. Jektefart etter fisk i Nord-Noreg var utbredt, gjestgjevarstader tok seg av dei som dreiv transport langs kysten og i Uggdal var det t d ein periode sardinfabrikk.

KALKBRENNING

Kalkbrenning er nemnd allereie i ein grensetvist i 1328, og den held fram til rundt år 1900. I 1865 hadde Tysnes 9 kalkomnar som til saman leverte 900 tonn kalk kvart år. På Flakka står ein restaurert kalkomn frå 1872. Sjølve omnen var ein av fleire byggverk på staden, men då kalkbrenninga tok slutt vart dei andre bygningane demonterte og sette opp andre plassar.

HANDEL

Fjordabåtane gjekk innom mange stader i Tysnes, med både personar og varar, og alle plasser vart det bygt handelshus på eller nær kaien, ofte med postekspedisjon i tillegg og nokre plassar med bakeri. Mange av desse husa står framleis, og vert teke vare på, sjølv om nokre har vore endra i takt med at dei får anna bruksområde.

Årbakka Handelsstad

Mellom alle butikkar og dampskipskaiar peikar Årbakka Handelsstad seg ut som det mest komplette anlegget, og dette har og vore eit av kommunens viktigaste kulturminne i mange år. Både eigar, einskildpersonar og organisasjonar har i lang tid gjort stor friviljug innsats med bygningane og kommunen har gjeve stønad. Butikken vart bygt i 1898. Anlegget inneheld i dag butikk, smie, sjøbu og postkontor.

BÅTBYGGING

Båtbygging var i lang tid ei viktig næring, og rundt om i kommunen var det fleire større og mindre båtbyggingsverksemder som bygde alt frå oselvarar og strandebarmarar til store jekter og seinare motoriserte fartøy.

2.2.9 SAMFUNNSINSTITUSJONAR

Det finst fleire samfunnsinstitusjonar som gjennom dei siste hundreåra har prega utviklinga i kommunen og innbyggjarane. Kyrkja er så viktig at den er omtalt for seg sjølve, men det finst og andre.

KOMMUNEN

Landet vart på 1830-talet delt i kommunar, og frå den tid er «kommunen» - det vil seia politikarane og administrasjonen – ein viktig del av folket sin kvardag. Det viktigaste er naturleg nok kommunearkivet og dei skriftlege kjeldene, men me har og Tinghuset i Uggdal, der det nær ved og ligg ein stall som har vore brukt av dei folkevalde når dei kom til kommunestyremøte.

Tysnes Sogelag har i 2019 overteke ansvaret for det gamle Tinghuset, og planen er å vøle huset og nytte det til utstillingar og arrangement.

SKULANE

Kring 1860 vart *Lov om almueskolevæsenet på landet* innført, og det vart etter kvart bygd skulehus i nær sagt kvar ei bygd. Bygging av nye skulehus i bygdene held fram heilt opp mot siste delen av førre hundreåret. Mange av dei eldre skulebygningane finst framleis, mellom anna på Flatråker, Tveit, Amland, Reksteren og Kongsvik, og er tekne i bruk til andre føremål.

Solheimsdalen skule

Det viktigaste i kulturminnesamanheng er skulehuset i Solheimsdalen, bygd i 1896. Lærarbustad med stove og kjøkken vart bygd på skulen i 1919. Skulekrinsen var ei tid ein av dei største i kommunen, men folketalet gjekk jamt nedover og i 1958 vart skulen nedlagd og elevane flytta til Onarheim.

Solheimsdalen grendelag har overteke eigedomen, dei har rehabilitert skulen og skulestova er i dag eit skulemuseum.

Originale pultar og inventar er utstilte og laget har i tillegg samla inn skulemateriell og gjenstandar frå heile kommunen frå den tida grendeskulen var i drift.

BEDEHUS

Bedehusa var ein særskild viktig kulturfaktor og mange av dei har vore godt vedlikehaldne av medlemene opp gjennom åra. På sikt kan ein kanskje få etablert eit bedehusmuseum i eitt av desse?

UNGDOMSHUS

Som motvekt til det svært religiøse bedehusmiljøet vart den frilynde ungdomsrørsla etablert, og dei samla både ungdom og eldre til diskusjonar og fest. Det finst fleire ungdomshus kringom i kommunen. Det finaste er kanskje **Vonheim** i Våge, som både er eit flott bygg og eit minne om ein viktig del av dei kulturelle brytningane i førre hundreåret. Dessutan finst det gamle ungdomshus i Lunde (Frilund), på Nord-Reksteren og på Onarheim (Vodlatun).



Smio, Uggdal




Årbakka Handelsstad

Veg, Vevatnet



Kalkebuo, Laukhamar



2.2.10 IKKJE-FASTE KULTURMINNE

Denne planen tek føre seg som nemnt i innleiinga stort sett til faste kulturminne. Det er likevel grunn til å nemne ein del som ikkje fell inn under denne kategorien, fordi dei er viktige for saga til kommunen eller fordi dei er vevde inn i dei faste kulturminna.

SAMLINGAR

Jåttseglarane

Venelaget for jåttseglarane har med kommunal stønad lagd til eit lite museum i Våge og informasjon på ferja mellom Våge og Halhjem.

Kulturløo på Drange

Magnus Drange samla gjennom livet ei mengd reiskapar stort sett knytte til gardsdrift. Alt dette er teke vare på vidare og stilt ut i gardsbygningane på Drange.

Skulemuseet

Skulehuset i Solheimsdalen vart restaurert av bygdelaget, og her har entusiastar samla mykje materiell og møblar knytte til skuleverksemd i kommunen.

Årbakka Handelsstad

Butikken på Årbakka har opphavleg innreiing, og ein hel del inventar frå gamalt, og i smio har Kystlaget utstilling av mellom anna motorar og reiskap.

Lokalhistorisk arkiv

I dette arkivet er samla mykje lokalhistorisk materiale, både tekst og bilete, det meste frå lag og organisasjonar.

DEL 3

STRATEGIAR OG HANDLINGSPLAN



3.1 STRATEGIAR

Det lokale kulturminnevernet bør ha ei dobbel målsetting.

Det eine er å sikre det som best viser det typiske og særmerkte for kommunen frå ulike epokar, sosiale lag, næringsverksemd, byggeskikk og tradisjonar.

Det andre er å ta spesielt vare på det som skil Tysnes frå andre kommunar i regionen – til dømes kalkutvinninga på austsida av Tysnesøya og Jåttseglinga i USA i mellomkrigstida.

3.1.1 KOMMUNEADMINISTRASJONEN

Kulturminnearbeidet er avhengig av friviljug innsats frå alle som har interesse for kultur og historie. Kommunen må spele på lag med både private eigarar, lag og organisasjonar og næringslivet. Bygningar og kulturlandskap er for det meste i privat eige, ofte hos folk som ser verdien av det dei eig og gjerne vil ta vare på desse verdiane, men som er usikre på korleis dei best gjer dette og korleis dei går fram for å få rettleiing og stønad.

Kommuneadministrasjonen må sjå til å ha kompetanse innafor det juridiske når det gjeld kulturminne, ha kunnskap om alle slags tilskotsordningar (både statlege, fylkeskommunale og private fond) og ha kunnskap om fagpersonar som kan gje råd og rettleiing om reint praktisk arbeid.

Kommunen har og ei spesiell oppgåve når det gjeld informasjon. Både når det gjeld verdien av kulturminne og kulturminnevern generelt, og når det gjeld å informere innbyggjarane og besøkande om dei kulturminna som finst i kommunen.

3.1.2 KULTURMILJØ, BYGG OG ANLEGG

Leggja vekt på vern av heile kulturmiljø.

Utvikla gode kommunale rutinar for handsaming av eigedom og bygningar med kulturminneverdi.

Sjå nærare på kulturminne og kulturmiljø frå etterkrigstida.

3.1.3 KULTURLANDSKAP

Aktiv bruk av landbruksverkemedel for å ta vare på kulturminne i jordbruket.

Arbeide med skjøtselsplanar i samarbeid med grunneigarar.

Ta vare på jordbruket sin kulturarv – både landskapspleie, byggeskikk og reiskap.

3.1.4 OPPLEVINGAR OG FORMIDLING

Auke informasjon kring kulturminne og vern både overfor eigarar og publikum.

Auke samarbeidet med andre aktørar – både ideelle og kommersielle.

3.1.5 PRIVATE EIGARAR

Sjå til at det ekstraarbeidet som fell på eigarar av kulturminne vert så enkelt som mulig, både i høve til kommunal sakshandsaming, hjelp til søknader om økonomisk stønad og kunnskap om kor ein kan få råd og rettleiing.

3.1.6 LAG OG ORGANISASJONAR

Hjelpe til med papirarbeid og koordinere aktiviteten mellom lagane, slik at lokalsamfunnet får mest mogleg nytte av det friviljuge arbeidet som vert lagd ned.

3.1.7 INFORMASJON

Kommunen bør ta eit overordna ansvar for informasjonsarbeidet når det gjeld kulturminne. Dette kan ta form av rein kulturinformasjon, men det er og viktig at historisk kunnskap kjem inn i det ålmenne informasjonsarbeidet.

Der har tradisjonelt vore natur og friluftsliv som har trekt tilreisande til Tysnes. Men interessa for kulturopplevingar er aukande og større fokus på dette kan slå positivt ut.

Ein bør sjå nærare på desse tiltaka:

KULTURMINNEKART

Når ein no har laga denne kulturminneplanen og samla mykje informasjon elles, ligg det godt til rette for eit eige kulturkart, til nytte for eigne innbyggjarar og ikkje minst for reiselivet.

KULTURMINNEMARKERINGAR PÅ TURSTIKARTET

Ved revisjon av turstikartet bør ein ta sikte på å få på plass meir informasjon om kulturminne.

SKILTING

Fleire viktige kulturminne kan få eigne skilt og ved mindre kulturminne og bygningar kan ein setje opp små informasjonsskilt i A4-format.

INFORMASJON PÅ FERJENE

Informasjonen på Halhjem-ferja om jättseglarane har dei siste åra truleg vore lest med interesse av kanskje fleire tusen reisande. I samarbeid med ferjeselskapet bør ein diskutera annan kulturminneinformasjon. Det kortar reisetida og aukar interessa for Tysnes.

NETTSIDER

Eige avdeling på kommunen sine nettsider med stoff om historie og om kulturminne. Slik informasjon fortel mykje om Tysnes sin identitet, både til eigne innbyggjarar og til alle andre som søker informasjon om kommunen.

SAMLINGAR

Arrangere samlingar der dei som har interesse av kulturminnearbeid kan få både praktisk og teoretisk kunnskap – både frå fagfolk og frå private som har røynsle frå kulturminnearbeid i andre kommunar.



Uratunet, Lande




Saraselet, Onarheim

Tinghuset, Uggdal



Vasstøl, Hovland



DEL 4

HANDLINGSPROGRAM

Handlingsprogrammet har ein **generell del** som lister opp tiltak for å få til betre kulturminnearbeid i kommunen, og ein **spesiell del** som tek for seg ein skilde kulturminne og gjer framlegg om kva oppgåver som er viktige å fokusera på.

Mange kulturminne som er nemnde i kapitla i kulturminneplanen er ikkje med i handlingsplanen. Det ville vore for omfattande og dessutan umogleg å gjennomføra ut frå ressursituasjonen.

Handlingsplanen listar berre opp dei kulturminna og dei oppgåvene me ser på som prioriterte i kvar kategori, og med det siktemålet at det skal vera balanse mellom kategoriane. Det er ikkje gjort prioriteringar mellom kategoriane eller dei ein skilde kulturminna, tilgangen på økonomiske og menneskelege ressursar vil langt på veg avgjere kor arbeid vert gjort.

Handlingsprogrammet med tiltak skal rullerast kvart fjerde år, og koplatt til kommunen sin økonomiplan ved årlege rulleringar.

4.1 HANDLINGSPROGRAM - GENERELL DEL

FORVALTNING OG FORMIDLING

	Tiltak	Finansiering	Ansvar	Samarbeid med	Kommentar
Askeladden - Riksantikvaren sin database	Legge inn og kartfeste kulturminne i databasen		Tysnes kommune, kultur/stab Fylkeskonservator		Ut frå stillingsressursar må dette gjerast over tid
Tysnes kommune	Etablere rutinar for handsaming av kulturminnesaker og oppfølging av kulturminneplanen		Sentraladministrasjon/kultur eigedom- og tekniske tenester		
Omsynssoner i arealdel i kommuneplan	Gjennomgang av omsynssoner		Sentraladministrasjon/Kultur Eining for forvaltning	Fylkeskonservator	Vurdere, klassifisere og legge inn fleire omsynssoner
SMIL - midlar	Bruke planen som grunnlag for tildeling av SMIL-midlar		Kultur/stab Landbruk		SMIL – Spesielle tiltak i landbruket
Eigedomsskatt	Fritak for eigedomsskatt for eigarar av kulturminne i klasse A		Sentraladministrasjon/næring/kultur		Oppdatere i samsvar med kulturminneplan
Kulturtavler	Nye og utskifting av gamle	Tysnes kommune	Tysnes kommune, kultur	Lag og organisasjonar	Kulturskilt langs merka turstigar, utskifting av skilt og oppsetting av skilt nye stader
Kulturkart			Tysnes kommune, kultur	Private eigarar Lag og organisasjonar	
Lokal stønadsordning til kulturminnevern	Oppretthalde og auke tilskot til kulturminne i kommunen	Tysnes kommune	Tysnes kommune, kultur	Private eigarar Lag og organisasjonar	

4.2 HANDLINGSPROGRAM - SPESIELL DEL

4.2.1 ARKEOLOGISKE KULTURMINNE

	Tiltak	Finansiering	Ansvar	Samarbeid med	Kommentar
Årbakkavollen	Skjøtsel	Tysnes kommune Fylkeskommunen BARK-midler Dugnad	Tysnes kommune Fylkeskonservator/Fylkeskommunen	Grunneigarar og lokallag	Plan for skjøtsel er ferdigstilt, grunneigartilhøve for gnr. 134 bnr. 3 må avklarast før tiltaket kan gjennomførast
Ferdslevegen i Uggdalsdalen	Skjøtsel	BARK-midler?	Tysnes kommune Fylkeskonservator/Fylkeskommunen	Eigar	Fylkeskommunen og Statens vegvesen må avklare kven som er eigar av areal som skal nyttast til parkering, bord og benker

4.2.1 KULTURLANDSKAP OG MILJØ I LANDBRUKET

	Tiltak	Finansiering	Ansvar	Samarbeid med	Kommentar
Nedrevåge	Vern skal vurderast i samband med rullering av kommuneplanen sin arealdel	Tysnes kommune	Tysnes kommune	Eigar	Fritak eigedomsskatt Omsynssone Har motteke Kulturlandskapspris Hordaland fylkeskommune
Uratunet	Vern skal vurderast i samband med rullering av kommuneplanen sin arealdel		Tysnes kommune		

4.2.3 BYGNINGAR OG BYGNINGSMILJØ

	Tiltak	Finansiering	Ansvar	Samarbeid med	Kommentar
Årbakka Handelsstad	Vern skal vurderast i samband med rullering av kommuneplanen sin arealdel Årleg tilskot drift- og vedlikehald	Tysnes kommune	Tysnes kommune	Eigar	Fritak eigedomsskatt
Hegglandhusa på Laukhamar	Vern skal vurderast i samband med rullering av kommuneplanen sin arealdel				Fritak eigedomsskatt
Nedrevåge	Vern skal vurderast i samband med rullering av kommuneplanen sin arealdel	Tysnes kommune	Tysnes kommune	Eigar	Fritak eigedomsskatt
Laftestova på Lande	Kjerneprøve av tømmer må utførast	Fylkeskommunen Tysnes kommune	Hordaland fylkeskommune Tysnes kommune	Eigar og Hordaland fylkeskommune	Få stadfesta gjennom prøve at dette er eldste bygg på Tysnes -eventuelt freding
Rekkjetunet	Vern skal vurderast i samband med rullering av kommuneplanen sin arealdel	Fylkeskommunen Tysnes kommune		Eigar Tysnes kommune	Fritak eigedomsskatt
Seløystova	Vern skal vurderast i samband med rullering av kommuneplanen sin arealdel	Tysnes kommune Fylkeskommunen	Tysnes kommune Fylkeskommunen	Tysnes musélag Sunnhordland museum	Fritak eigedomsskatt

4.2.4 SJØBRUKSMILJØ

	Tiltak	Finansiering	Ansvar	Samarbeid med	Kommentar
Nedrevåge, Longebu og Saltebu	Vern skal vurderast i samband med rullering av kommuneplanen sin arealdel		Tysnes kommune Fylkeskonservator	Eigar	Evaluert av Fylkeskonservator på ein skala frå A-C som A – særst høg verdi
Vattedal	Vern skal vurderast i samband med rullering av kommuneplanen sin arealdel		Tysnes kommune	Eigar	B – høg verneverdi
Nymark	Vern skal vurderast i samband med rullering av kommuneplanen sin arealdel		Tysnes kommune	Eigar	B-høg verneverdi
Klinkholmen	Vern skal vurderast i samband med rullering av kommuneplanen sin arealdel		Tysnes kommune	Eigar	B- høg verneverdi

4.2.5 KYRKJESTADER, GRAVPLASSAR

	Tiltak	Finansiering	Ansvar	Samarbeid med	Kommentar
Kolerakyrkjegarden på Sæ	Rydding og skjøtsel Restaurering av mur Skilt	Privat Tysnes kommune	Tysnes kommune	Privat Lag	
Kolerakyrkjegarden på Dukanes	Rydding og skjøtsel Skilt	Tysnes kommune	Tysnes kommune	Lag	

4.2.6 SAMFERDSLE

	Tiltak	Finansiering	Ansvar	Samarbeid med	Kommentar
Bru Humlevik	Vern skal vurderast i samband med rullering av kommuneplanen sin arealdel Vedlikehald		Tysnes kommune	Lunde bygdelag	
Veganlegg Lunde-Vevatne	Vern skal vurderast i samband med rullering av kommuneplanen sin arealdel Vedlikehald		Tysnes kommune	Lunde bygdelag	

4.2.7 KRIGSMINNE

	Tiltak	Finansiering	Ansvar	Samarbeid med	Kommentar
Flygansvær	Ny informasjonstavle	Tysnes kommune	Tysnes kommune	Reksteren bygdelag	
Trodlahålo, Skorpen	Infotavle	Tysnes kommune	Tysnes kommune	Friviljuge	

4.2.8 NÆRINGSVERKSEMD

	Tiltak	Finansiering	Ansvar	Samarbeid med	Kommentar
Kalkebuo på Laukhamar	Vern skal vurderast i samband med rullering av kommuneplanen sin arealdel		Tysnes kommune	Eigar Fylkeskonservator	
Kalkommen på Flakka	Skjøtsel	Tysnes kommune	Tysnes kommune	Lag og friviljuge	Kalkommen vart restaurert på 1990- talet
Smio i Uggdal	Vern skal vurderast i samband med rullering av kommuneplanen sin arealdel	Fritak eigedomskatt Søknad om tilskot kommunen og ulike instansar	Uggdal bygdelag	Tysnes kommune	Smio vart rehabilitert på 1990 talet og i 2015-16.
Kvern i Uggdal	Vern skal vurderast i samband med rullering av kommuneplanen sin arealdel	Søke tilskot Fritak eigedomskatt	Eigar	Tysnes kommune Uggdal bygdelag	

4.2.9 SAMFUNNSINSTITUSJONAR

	Tiltak	Finansiering	Ansvar	Samarbeid med	Kommentar
Tinghuset i Uggdal	Vern skal vurderast i samband med rullering av kommuneplanen sin arealdel Vern gjennom bruk	Tysnes kommune Tysnes sogelag	Tysnes kommune Tysnes sogelag	Bygningsvernkonsulent i Sunnhordland	Inngått leigeavtale på 20 år mellom eigar Tysnes kommune og leigar Tysnes sogelag
Skulestova i Solheimsdalen	Vern skal vurderast i samband med rullering av kommuneplanen sin arealdel	Kan søke om tilskot	Solheimsdalen grendelag		Bygd i 1896 i samband med den store skuleutbygginga som gjekk før seg dette hundreåret. Fritak eigedomsskatt

4.2.10 FERIE OG FRITID

	Tiltak	Finansiering	Ansvar	Samarbeid med	Kommentar
Feriehus Godøysund	Vern skal vurderast i samband med rullering av kommuneplanen sin arealdel	Fylkeskommunen	Fylkeskommunen Tysnes kommune	Eigarar	Arkitekt Fredrik Konow Lund, bygd 1919

4.2.11 SAMLINGAR

	Tiltak	Finansiering	Ansvar	Samarbeid med	Kommentar
Kulturløp på Drange	Kan søke tilskot				Registrering av samling
Jåttseglarane	Kan søke tilskot				Vidare utvikling
Seløystova	Kan søke tilskot				Vidare utvikling
Årbakka handelsstad	Kan søke tilskot				Vidare utvikling, drift- og vedlikehald

VEDLEGG

VEDLEGG 1 • KULTURMINNE REGISTRERTE I KULTURMINNESØK

Stad	Kulturminne	Registrert av	Nett-lenkje
1. Øvre Dalland	Skytebanen til Tysnes Skyttarlag	Kaare M. Malkenes	https://kulturminnesok.no/minne/?queryString=http://kulturminnesok.no/fm/ovre-dalland-skytebanen-til-tysnes-skyttarlag
2. Myklestad	Minnesteinen ved Uggdal kyrkje	Kaare M. Malkenes	https://kulturminnesok.no/minne/?queryString=http://kulturminnesok.no/fm/myklestad-minnesteinen-ved-uggdal-kyrkje
3. Gjerstad	Minnesteinen ved Tysnes kyrkje	Kaare M. Malkenes	https://kulturminnesok.no/minne/?queryString=http://kulturminnesok.no/fm/gjerstad-minnesteine-ved-tysnes-kyrkje
4. Vadla	Sagbruket ved Vadla-elva	Kaare M. Malkenes	https://kulturminnesok.no/minne/?queryString=http://kulturminnesok.no/fm/vadla-sagbruk-ved-vadlaelva
5. Humlevik	Minnestein ved Lunde kyrkjegard	Kaare M. Malkenes	https://kulturminnesok.no/minne/?queryString=http://kulturminnesok.no/fm/humlevik-bautasteinen-ved-lunde-kyrkjegard
6. Humlevik	Lunde gravplass	Kaare M. Malkenes	https://kulturminnesok.no/minne/?queryString=http://kulturminnesok.no/fm/humlevik-gravplassen-for-lundabygdo
7. Teigland	Oselvarverkstaden	Kaare M. Malkenes	https://kulturminnesok.no/minne/?queryString=http://kulturminnesok.no/fm/oselvarverkstaden-pa-teigland-gnr-88-bnr-5
8. Sande på Hovland	Naustet til Mowatt	Kaare M. Malkenes	https://kulturminnesok.no/minne/?queryString=http://kulturminnesok.no/fm/sande-pa-hovland-naustet-til-anders-mowat
9. Uren Luren	Husmannsplassen	Kaare M. Malkenes	https://kulturminnesok.no/minne/?queryString=http://kulturminnesok.no/fm/uren-luren

10. Flornes	Husmannsstova på Jonaplassen.	Kaare M. Malkenes	https://kulturminnesok.no/minne/?queryString=http://kulturminnesok.no/fm/flornes-husmannsstova-pa-jonaplassen
11. Laukhammer	Kalkebu- lager for ved til kalkbrenning og for brend kalk.	Kaare M. Malkenes	https://kulturminnesok.no/minne/?queryString=http://kulturminnesok.no/fm/kalkebu-lager-for-ved-til-kalkbrenning-og-for-brend-kalk
12. Onarheim	Saraselet	Kaare M. Malkenes	https://kulturminnesok.no/minne/?queryString=http://kulturminnesok.no/fm/saraselet-setrar-pa-onarmeim
13. Skorpen	Trodlahålo, Skorpelia	Kaare M. Malkenes	https://kulturminnesok.no/minne/?queryString=http://kulturminnesok.no/fm/krigsminne-trodlaholorussahalo-laukhammerlio
14. Flakkavåg	Kalkomnar og kalk-brot.	Kaare M. Malkenes	https://kulturminnesok.no/minne/?queryString=http://kulturminnesok.no/fm/kalkomnar-og-kalkbrot-i-flakkavagskorpo
15. Amland	Gravplassen på Amland	Kaare M. Malkenes	https://kulturminnesok.no/minne/?queryString=http://kulturminnesok.no/fm/gravplassen-pa-amland
16. Øvre Hope	Kvernhus i Sagdalen	Kaare M. Malkenes	https://kulturminnesok.no/minne/?queryString=http://kulturminnesok.no/fm/ovre-og-nedre-hope-pa-rekstern-gardsnummer-78-og-80
17. Amlandsstø	Handel og ferje ekspedisjon	Kaare M. Malkenes	https://kulturminnesok.no/minne/?queryString=http://kulturminnesok.no/fm/amlandssto-gnr-39-bnr-4
18. Færevåg	Handel og ferje ekspedisjon	Kaare M. Malkenes	https://kulturminnesok.no/minne/?queryString=http://kulturminnesok.no/fm/faerevag-gnr-36-bnr-8-solli-gamal-handel-og-hsd-kai
19. Eie	Smio på Eie	Kaare M. Malkenes	https://kulturminnesok.no/minne/?queryString=http://kulturminnesok.no/fm/eie-gnr-66bnr9-smio-pa-eie
20. Vernøy	Husmannsplass på Instøy	Kaare M. Malkenes	https://kulturminnesok.no/minne/?queryString=http://kulturminnesok.no/fm/vernøy-gnr-77-bnr-55-instoyo-plass

21. Heie	Kvernhus	Kaare M. Malkenes	https://kulturminnesok.no/minne/?queryString=http://kulturminnesok.no/fm/heie-store-og-lille-gnr-58-og-59-brn-4-kvernhus
22. Heie	Skyssbåtkaien ved Vodlen	Kaare M. Malkenes	https://kulturminnesok.no/minne/?queryString=http://kulturminnesok.no/fm/to-gnr-67-dampskipskai-ved-vodlen
23. Heie	Saltebu på Vodlen	Kaare M. Malkenes	https://kulturminnesok.no/minne/?queryString=http://kulturminnesok.no/fm/saltebu-pa-vodlen
24. Kletta	Vegfar	Kaare M. Malkenes	https://kulturminnesok.no/minne/?queryString=http://kulturminnesok.no/fm/kletta-gamalt-vegfar-pa-kletta
25. Myklestad	Gamle tinghuset	Kaare M. Malkenes	https://kulturminnesok.no/minne/?queryString=http://kulturminnesok.no/fm/myklestad-gnr-66-brn10-lund
26. Naustvika på Skartveit	Nausttuft	Kaare M. Malkenes	https://kulturminnesok.no/minne/?queryString=http://kulturminnesok.no/fm/naustvika-skartveit-gardsbruk-gnr-149-brn2
27. Skartveit	Kvernhus	Kaare M. Malkenes	https://kulturminnesok.no/minne/?queryString=http://kulturminnesok.no/fm/kvenhuset-til-gardane-pa-skartveit-brn-2-og-4
28. Skartveit	Gardsbruk	Kaare M. Malkenes	https://kulturminnesok.no/minne/?queryString=http://kulturminnesok.no/fm/skartveit-gardsbruk-gnr-149-brn2
29. Eldholm	Kvernhus	Kaare M. Malkenes	https://kulturminnesok.no/minne/?queryString=http://kulturminnesok.no/fm/rekstern-kvernhus-pa-eldholm
30. Åse	Kvernhus	Kaare M. Malkenes	https://kulturminnesok.no/minne/?queryString=http://kulturminnesok.no/fm/rekstern-kvernhus-pa-ase
31. Kletta	Skulemuseum	Kaare M. Malkenes	https://kulturminnesok.no/minne/?queryString=http://kulturminnesok.no/fm/solheimsdale-n-skule-kletta-gnr148-brn-3-og-4-lendurebakken

32. Myklestad	Midtkverna i Eide-elva	Kaare M. Malkenes	https://kulturminnesok.no/minne/?queryString=http://kulturminnesok.no/fm/midtkverna-i-kyrkjvatn-elva-myklestad-gnr-16-bnr-1-og-2
33. Ånuglo	Husmannsplass	Kaare M. Malkenes	https://kulturminnesok.no/minne/?queryString=http://kulturminnesok.no/fm/plassen-kako-pa-anuglo-gnr-169-bnr-3
34. Flygansvær	Kystfort	Kaare M. Malkenes	https://kulturminnesok.no/minne/?queryString=http://kulturminnesok.no/fm/flygansvaer-kystfort-pa-flygansvaer-gnr-46-og-47
35. Kaldafoss	Kystfort	Kaare M. Malkenes	https://kulturminnesok.no/minne/?queryString=http://kulturminnesok.no/fm/svarvahella-kystfort-pa-kaldafoss-gnr-75
36. Kaldafoss	Kaldafoss gamle skule	Kaare M. Malkenes	https://kulturminnesok.no/minne/?queryString=http://kulturminnesok.no/fm/kaldafoss-gamle-skule-gardsnummer-75-bruksnummer-5
37. Rekstern	Hope gravplass	Kaare M. Malkenes	https://kulturminnesok.no/minne/?queryString=http://kulturminnesok.no/fm/ovre-og-nera-hope-pa-rekstern-i-tysnes
38. Solheimsdalen	Bilvegen til Solheimsdalen	Kaare M. Malkenes	https://kulturminnesok.no/minne/?queryString=http://kulturminnesok.no/fm/bilvegen-til-solheimsdalen
39. Gjerstad	Smalehus	Kaare M. Malkenes	https://kulturminnesok.no/minne/?queryString=http://kulturminnesok.no/fm/nedre-gjerstad-smalehus-pa-gr-nr-94-br-nr-4
40. Gjerstad	Kvernhus i Nilsaelvo	Kaare M. Malkenes	https://kulturminnesok.no/minne/?queryString=http://kulturminnesok.no/fm/nedre-gjerstad-gamalt-kverhus-i-nilsaelvo
41. Gjerstad	Naust	Kaare M. Malkenes	https://kulturminnesok.no/minne/?queryString=http://kulturminnesok.no/fm/gamalt-naust-pa-nedre-gjerstad
42. Godøy	Hustuft på Maurholmen	Kaare M. Malkenes	https://kulturminnesok.no/minne/?queryString=http://kulturminnesok.no/fm/hyttetuft-pa-maurholmen-gnr-100-102

43. Tysnes	Eldhus	Kaare M. Malkenes	https://kulturminnesok.no/minne/?queryString=http://kulturminnesok.no/fm/eldhus-pa-tysneset
44. Gjerstad	Meieri	Kaare M. Malkenes	https://kulturminnesok.no/minne/?queryString=http://kulturminnesok.no/fm/tysnes-sitt-fyrste-meieri
45. Våge	Båtbyggjarverkstad	Kaare M. Malkenes	https://kulturminnesok.no/minne/?queryString=http://kulturminnesok.no/fm/battbyggjarverkstad
46. Ve	Naust	Kaare M. Malkenes	https://kulturminnesok.no/minne/?queryString=http://kulturminnesok.no/fm/gamalt-naust
47. Tysnes	Kolerakyrkjegard	Kaare M. Malkenes	https://kulturminnesok.no/minne/?queryString=http://kulturminnesok.no/fm/kolerakyrkjegarden-pa-tysnes
48. Gjerstad	Våge Lysverk	Kaare M. Malkenes	https://kulturminnesok.no/minne/?queryString=http://kulturminnesok.no/fm/gjerstad-kraftstasjon-vage-lysverk
49. Gjerstad	Ragnhildsteinen	Kaare M. Malkenes	https://kulturminnesok.no/minne/?queryString=http://kulturminnesok.no/fm/ragnhildsteinen
50. Gjerstad	Borgervollen	Kaare M. Malkenes	https://kulturminnesok.no/minne/?queryString=http://kulturminnesok.no/fm/borgervollen-pa-ovre-gjerstad
51. Gjersvik	Gravplass	Kaare M. Malkenes	https://kulturminnesok.no/minne/?queryString=http://kulturminnesok.no/fm/gravplassen-i-gjersvik
52. Ve	Pera-tunet	Kaare M. Malkenes	https://kulturminnesok.no/minne/?queryString=http://kulturminnesok.no/fm/peratunet-i-ve
53. Lande	Ura-tunet	Kaare M. Malkenes	https://kulturminnesok.no/minne/?queryString=http://kulturminnesok.no/fm/ura-tunet-pa-lande
54. Lande	Laftestove	Kaare M. Malkenes	https://kulturminnesok.no/minne/?queryString=http://kulturminnesok.no/fm/laftastove-

			pa-lande
55. Håland	Demning	Jarle Myklebust	https://kulturminnesok.no/minne/?queryString=http%3A%2F%2Fkulturminnesok.no%2Ffm%2Fgnr-41-haland-tysnes
56. Humlevik	Bru	Gunnar Lunde	https://kulturminnesok.no/minne/?queryString=http%3A%2F%2Fkulturminnesok.no%2Ffm%2Fhumleviks-bru
57. Flatråker	Mura elvekanal	John Birger Lid	https://kulturminnesok.no/minne/?queryString=http%3A%2F%2Fkulturminnesok.no%2Ffm%2Fiselvo-kaastad-norbustadalenflatraker
58. Landrøyo	Sjøbu	Jarle Myklebust	https://kulturminnesok.no/minne/?queryString=http%3A%2F%2Fkulturminnesok.no%2Ffm%2Fgongstoo-landroyo-tysnes-kommune
59. Flatråker	Bru	John Birger Lid	https://kulturminnesok.no/minne/?queryString=http%3A%2F%2Fkulturminnesok.no%2Ffm%2Fmurt-bru-i-sore-elvalop-i-elva-fra-flatrakervatnet-tysnes-
60. Flatråker	Tuft etter sagbruk	John Birger Lid	https://kulturminnesok.no/minne/?queryString=http%3A%2F%2Fkulturminnesok.no%2Ffm%2Foklandssaga-flatraker-tysnes-hordaland
61. Flatråker	Tuft etter sagbruk	John Birger Lid	https://kulturminnesok.no/minne/?queryString=http%3A%2F%2Fkulturminnesok.no%2Ffm%2Fsaga-i-rongedalen-okland-flatraker-tysnes-hordaland
62. Flatråker	Murt kanal	John Birger Lid	https://kulturminnesok.no/minne/?queryString=http%3A%2F%2Fkulturminnesok.no%2Ffm%2Fbrateid-flatraker-tysnes
63. Færavåg	Naust	Jarle Myklebust	https://kulturminnesok.no/minne/?queryString=http%3A%2F%2Fkulturminnesok.no%2Ffm%2Fnaust-i-nordvagen-faerevag-tysnes-kommune
64. Landrøyvågen	Naust	Jarle Myklebust	https://kulturminnesok.no/minne/?queryString=http%3A%2F%2Fkulturminnesok.no%2Ffm%2Fmura-naust-i-landroyvagen-tysnes-kommune

65. Lunde	Vegmurar	Gunnar Lunde	https://kulturminnesok.no/minne/?queryString=http%3A%2F%2Fkulturminnesok.no%2Ffm%2Fvegen-lunde-vevatna
66. Hovland	Tursti	Alf Terje Myklebust	https://kulturminnesok.no/minne/?queryString=http%3A%2F%2Fkulturminnesok.no%2Ffm%2Falmasteinen-almasteidn-ved-turskogsvegen-til-vasstol-tysnes
67. Hovland	Stein-klopp	Alf Terje Myklebust	https://kulturminnesok.no/minne/?queryString=http%3A%2F%2Fkulturminnesok.no%2Ffm%2Fsteinklopp-over-hovlandselva-tysnes
68. Hovland	Eldhus	Alf Terje Myklebust	https://kulturminnesok.no/minne/?queryString=http%3A%2F%2Fkulturminnesok.no%2Ffm%2Feldhuset-pa-hovland-tysnes
69. Nymark	Ferjekai og landhandel	Alf Terje Myklebust	https://kulturminnesok.no/minne/?queryString=http%3A%2F%2Fkulturminnesok.no%2Ffm%2Fnymark-handelsstad-pa-tysnes
70. Nymark	Postfilialen	Alf Terje Myklebust	https://kulturminnesok.no/minne/?queryString=http%3A%2F%2Fkulturminnesok.no%2Ffm%2Fpostfilialen-pa-nymark-tysnes
71. Hovland	Tursti	Alf Terje Myklebust	https://kulturminnesok.no/minne/?queryString=http%3A%2F%2Fkulturminnesok.no%2Ffm%2Falmasteinen-almasteidn-ved-turskogsvegen-til-vasstol-tysnes
72. Hovland	Butikk og bakeri	Alf Terje Myklebust	https://kulturminnesok.no/minne/?queryString=http%3A%2F%2Fkulturminnesok.no%2Ffm%2Fbutikk-og-bakeri-i-sande-tysnes
73. Onarheim	Grava til CP Riis	Kaare M. Malkenes	https://kulturminnesok.no/minne/?queryString=http://kulturminnesok.no/fm/onarheim-kyrkjegard-grava-til-claus-pavel-riis
74. Onarheim	Futegrava	Kaare M. Malkenes	https://kulturminnesok.no/minne/?queryString=http://kulturminnesok.no/fm/onarheim-kyrkjegard-grava-til-futen-pa-hammarhaug
75. Årbakka	Handelstaden	Kaare M. Malkenes	https://kulturminnesok.no/minne/?queryString=http://kulturminnesok.no/fm/arbakka-handelstaden

76. Neravåge	Storstova på Br. 1	Kaare M. Malkenes	https://kulturminnesok.no/minne/?queryString=http://kulturminnesok.no/fm/vagsgardane-neravage-br-1
77. Ve	Prestegarden	Kaare M. Malkenes	https://www.kulturminnesok.no/minne/?queryString=http://kulturminnesok.no/fm/ve-prestegarden-helgatun-1
78. Hovland	Sommerflor/ Gjeitefjøs	Alf Terje Myklebust	https://www.kulturminnesok.no/minne/?queryString=http%3A%2F%2Fkulturminnesok.no%2Ffm%2Fsommerflor-og-geitefjos-pa-hovland-tysnes
79. Nymark.	Proprietærgarden	Alf Terje Myklebust	https://www.kulturminnesok.no/minne/?queryString=http%3A%2F%2Fkulturminnesok.no%2Ffm%2Fproprietaergarden-nymark-pa-tysnes
80. Ramsdalen Flatråker	Hustufter	John Birger Lid	https://www.kulturminnesok.no/minne/?queryString=http%3A%2F%2Fkulturminnesok.no%2Ffm%2Framsdaalen-helland-flatraker-tysnes-hordaland
81. Hovlandsnuten	Steinformasjon	Alf Terje Myklebust	https://www.kulturminnesok.no/minne/?queryString=http%3A%2F%2Fkulturminnesok.no%2Ffm%2Fgygrene-i-hovlandsnuten-tysnes
82. Tveit	Rhododendronhagen	Alf Terje Myklebust	https://www.kulturminnesok.no/minne/?queryString=http%3A%2F%2Fkulturminnesok.no%2Ffm%2Frhododendron-hagen-pa-tveit-tysnes
83. Lande	Skomakarverkstad	Kaare M. Malkenes	https://www.kulturminnesok.no/minne/?queryString=http://kulturminnesok.no/fm/skomakarverkstaden-pa-lande-bnr-91-bn-8

VEDLEGG 2 • AUTOMATISK FREDA KULTURMINNE I TYSNES



VEDLEGG 3 • FORVALTNING AV KULTURMINNE

LOV1979-06-09 nr 50: Lov om kulturminne (*Kulturminnelova*) – blir forvalta av Riksantikvaren på nasjonalt nivå og av fylkeskommunar, sjøfartsmuseum, arkeologiske landsdelsmuseum og Sametinget på regionalt nivå. Alle kulturminne som er eldre enn frå 1537, og ståande byggverk frå før 1650, er automatisk freda gjennom kulturminnelova. Nyare kulturminne kan fredast gjennom enkeltvedtak.

LOV 2007-06-29 nr 89: Lov om offentlege styresmakters ansvar for kultur verksemd (*Kulturlova*)

LOV 2008-06-27 nr 71: Lov om planlegging og byggesaksbehandling (*Plan- og bygningsloven*) Kommunane har ansvar for den lokale kulturminneforvaltninga gjennom handheving av Pbl § 3-1 og §20-1. Svært mange kulturminne er ikkje beskytta av kulturminnelova. Gjennom plan-og bygningslova kan kommunane gje spesielt verdfulle kulturminne særleg vern. Viktig verkemiddel er Omsynssoner for kulturminne, med eigne retningslinjer.

MELDINGAR OG PLANAR SOM HAR INNVERKNAD PÅ KULTURMINNEFELTET

NASJONALT NIVÅ

Stortingsmelding nr 16 (2004-2005) Leve med kulturminner. Klima- og miljøverndepartementet

Stortingsmelding nr 26 (2004-2007) Regjeringas miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand

Stortingsmelding nr 35 (2012-2013) Framtid med fofeste

NOU 2002: 1 Fortid former framtid. utfordringer i en ny kulturminnepolitikk

REGIONALT NIVÅ

Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025

Regionale planer for attraktive senter i Hordaland, klimaplaner og næringsplaner

Regional plan for folkehelsearbeidet i Hordaland

LOKALT NIVÅ

Kommuneplan for Tysnes

Samfunnsdel

Arealdel

Kommunedelplanar

KJELDER OG LITTERATUR

Askeladden, database Riksantikvaren

Brekke, Nils Georg, red.: Kulturhistorisk vegbok Hordaland

Drange, Ernst Berge: Tysnes Gards- og ættesoge, bind 1-4

Eikehaug Tine og Adriansen: Spor etter eldre vegfar mellom Uggdalseidet og Onarheim, rapport

Fett Per: Forhistoriske minne på Vestlandet (Tysnes)

Fylkeskonservatoren i Hordaland: Sjøbruksmiljø i Tysnes

Heggland, Johannes: Tysnes – Det gamle Njardarlog, bind 1-2

Helle Knut, red: Vestlandets historie

Hordaland fylkeskommune: Rapport til Bevaringsprogram for arkeologiske kulturminne (BARK)

Kulturminneregistreringar i regi av Tysnes kommune

Kulturminnesøk, database Riksantikvaren

Tysnes kommune, Kulturkontoret: Hefte, rapporter og småskrift

Tysnes sogelag: Sogeskrift

Riksantikvaren: Veileder kulturminne i kommunene, Håndbok for lokal registrering, rapporter m.m.

SEFRAK- registreringar i Tysnes

Sunnhordland museum: Årbøker